

# Faglærars vurdering av INFO100 – Introduksjon til informasjonsvitenskap – haust 2013

## Faglærars vurdering av gjennomføring

### Praktisk gjennomføring

INFO100 har følgt same mal for undervisninga gjennom fleire år. Det vil sei at kurset har ein hovudansvarleg som tar teoretiske omgrep, teknologi, etc. medan vi har spesialiserte forelesingar knytt til forsking med inviterte tilsette frå instituttet.

Stort sett fungerer dette greitt, men det kan synast som om nokon av dei mest teoretiske av dei inviterte forelesingane er for store. Studentane slit med dette stoffet, og ser ut til å synast at mykje av det er vanskeleg.

Elles er tilbakemeldingane varierande. Nokon syns kurset er banalt, andre syns det er vanskeleg.

### Strykprosent og fråfall

Strykprosenten var ikkje høg, og er heilt akseptabel. Fråfallet på studiet er stort i spesielle program, og det er ikkje bra at såpass mange frå bachelorprogrammet i informasjonsvitenskap fell frå undervegs. Dei andre programma ser ut til å ha mykje mindre fråfall. Det er uklart kvifor dette skjer.

### Karakterfordeling

Det vart gode karakterar i år, med eit snitt på mellom B og C. Kanskje var oppgåvene for lette. Samstundes var det svært mange som på eksamen viste stor grad modenheit i stoffet.

### Studieinformasjon og dokumentasjon

Lysark til forelesingane, forslag til lesing og anna vart lagt ut før forelesingane. Nokre studentar ønskte dette enno tidlegare. Eg syns det er vanskeleg å ha alt dette klart endå tidlegare enn no.

### Tilgang til relevant litteratur

Pensumlitteratur til dette kurset er vanskeleg å finne. Foreslår at ein kun brukar Kjos et al. si «Innføring i informasjonsteknologi», og så ulike vev-ressursar. Men omfanget må reduserast.

## Faglærers vurdering av rammevilkårene

### Lokaler og undervisningsutstyr

OK

### Andre forhold

Ingen spesielle.